

Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 08.11.2023
Møtestad: Heradsstyresalen - Rådhuset Lonevåg
Møtetid: kl. 13:00 - 14:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Alexander Thunestvedt	AP	Varaordfører
Ann Kristin Borge	AP	Medlem
Kim Andre Hartveit	FRP	Medlem
Lars Fjeldstad	SP	Ordfører
Sebastian Andre Haugland	H	Medlem
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Wenche Jørgensen	FRP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstattar medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Wenche Jørgensen

Følgjande frå administrasjonen møtte: Kommunedirektøren og politisk-adm.sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
074/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
075/23	Godkjenning av møtebok
076/23	Referatsaker og meldingar
077/23	Tertialrapport 2. tertial 2023
078/23	Forlenging av Kommunedelplan for Oppvekst
079/23	Inkludering av barn og unge
080/23	Søknad om KS-medalje
081/23	Andre saker/spørsmål

074/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

08.11.2023 FORMANNSKAPET

Sebastian Haugland, H, varsla eit spørsmål til slutten av møte om Hamre Kyrkje sin 1000 års markering.

Det var elles ingen merknader til innkalling og sakliste.

FS - 074/23 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

075/23: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 06.09.2023 vert godkjend.

08.11.2023 FORMANNSKAPET

Det var ingen merknader til møteboka

FS - 075/23 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 06.09.2023 vert godkjend.

076/23: Referatsaker og meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

08.11.2023 FORMANNSKAPET

Det var ingen merknader til referatsaka

FS - 076/23 VEDTAK:

Referatsakene vert tekne til vitande.

077/23: Tertialrapport 2. tertial 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapporten blir tatt til vitande slik den foreligger.

08.11.2023 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - 077/23 VEDTAK:

Tertialrapporten blir tatt til vitande slik den foreligger.

078/23: Forlenging av Kommunedelplan for Oppvekst

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedelplanen for Oppvekst vert forlenga til å gjelde ut 2030.

08.11.2023 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - 078/23 VEDTAK:

Kommunedelplanen for Oppvekst vert forlenga til å gjelde ut 2030.

079/23: Inkludering av barn og unge

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet får vedtaksrett over prioriteringane mellom ulike søkarar til dei ulike ordningane. Dersom ungdomsrådet sidestiller to ulike prosjekt innanfor same ordning, har Kommunedirektør mynde til å prioritere mellom søkarane.

08.11.2023 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - 079/23 VEDTAK:

Ungdomsrådet får vedtaksrett over prioriteringane mellom ulike søkarar til dei ulike ordningane. Dersom ungdomsrådet sidestiller to ulike prosjekt innanfor same ordning, har Kommunedirektør mynde til å prioritere mellom søkarane.

080/23: Søknad om KS-medalje

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek å søkje KS om tildeling av KS-medaljen for Rita Aud Tveiten

08.11.2023 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - 080/23 VEDTAK:

Formannskapet vedtek å søkje KS om tildeling av KS-medaljen for Rita Aud Tveiten.

081/23: Andre saker/spørsmål

08.11.2023 FORMANNSKAPET

Sebastian Haugland, H, hadde slikt spørsmål: Osterøy kommune er ei av berre 17 kommuner i Noreg som Hans Majestet Kongen ikkje har vorte på besøk endå. Er det mogleg å nytte anleiinga i samband med 1000 år markeringa for Hamre Kyrkjestad til å invitere Hans Majestet Kongen til Osterøy?

Ordføraren ga slikt svar: Det er allereie sendt invitasjon til Det kongelege hoffet for omtrent eit år siden. Vi har førebels ikkje motteke noko svar.

FS - 081/23 VEDTAK:

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Kim Andre Hartveit og Sebastian Haugland

Lonevåg, 08.11.2023

Runar Ludvigsen
Sekretær